

# LANGSIKTIG UTVIKLINGSPLAN FOR HJELMELANDSBARNEHAGEN 2023-27



HJELMELANDSBARNEHAGEN

DET BESTE FOR BARNET

Foto: Hans Widerøe

# 1. Innleiing

Langsiktig utviklingsplan er ein felles overordna plan for hjelmelandsbarnehagen, som inneber alle barnehagane i Hjelmeland kommune. Planen omhandlar prioriterte satsingsområde for utviklingsarbeid i barnehagane i perioden 2023-2027.

Planen bygger på overordna nasjonale og regionale føringer og strategiar.

## 1.1. Rekomp - Regional ordning for kompetanseutvikling

Regional ordning for kompetanseutvikling i barnehage er ei nasjonal tilskotsordning, med mål om å bidra til auka kompetanse og kvalitet i oppvekstsektoren.

### Barnehagebasert kompetanseutvikling

Det er eit mål i tilskotsordninga at dei tilsette skal få styrka kollektiv kompetanse gjennom barnehage- og skulebasert kompetanseutvikling i partnarskap med UH-sektor.

Tiltaka skal altså innebere barnehagebasert kompetanseutvikling. Dette er ein måte å jobbe på der leiinga og heile personalet deltek i ein felles utviklingsprosess, for å auke moglegheita for felles læring og endring av eksisterande praksis.


### Kompetanseløftet

I tilskotsordninga ligg og samarbeid om *kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis*, med følgjande mål:

- Alle tilsette har tilstrekkeleg kompetanse til å fange opp alle utsette barn og unge
- Å gi eit inkluderande og tilpassa pedagogisk tilbod til alle, inkludert barn og elevar med behov for særskilt tilrettelegging

### 1.1.1. Rekomp i region Midt-Rogaland

Hjelmeland kommune er ein del av nettverk Midt-Rogaland i regional kompetanseordning for barnehagane. Mål for Rekomp er å bidra til høg kvalitet og eit likeverdig tilbod i alle barnehagar, i eit partnarskap mellom praksisfelt og utdannings- og forskingsfelt (UH).



Figur 1. Læringssløyfe mellom praksisfelt og utdannings- og forskingsfelt.

Satsingsområda i region midt i arbeidet med Rekomp er:

*1. Barnehagen som pedagogisk virksomhet*

- *Ledelse og pedagogisk ledelse*
- *Kollektive refleksjons- og læringsprosesser knyttet til barnehagebasert kompetanseutvikling*
- *Observasjon, planlegging, analyse og vurdering*

*2. Et inkluderende miljø for omsorg, lek, læring og danning*

- *Inkluderende felleskap*
- *Lek*
- *Vennskap og sosial kompetanse*
- *Barnehagens arbeid med å forebygge, avdekke, stoppe og følge opp mobbing og utestengelse*

(*Handlings- og organisasjonsplan for regional kompetanseutvikling, region Midt-Rogaland 2022-25*)

Tiltak/møteplassar i region midt er leiarsamlingar, lærande nettverk, kjernenettverk, partnerbarnehage og såkornmidlar. Innhaldet i aktuelle tiltak for hjelmelandsbarnehagen er skissert i kap.2.

## 1.2. Utviklingsplanar i hjelmelandsbarnehagen

Oppbygging av utviklingsplanar for barnehagane i Hjelmeland kommune:

**Overordna nasjonale og regionale føringer og strategiar**

- Nasjonale styringsdokument (lovar og forskrift, Meld.St., strategiar etc.)
- Lokal kompetanseutvikling i Rogaland 2022-2027, overordna plan
- Handlings- og organisasjonsplan for regional kompetanseutvikling (Rekomp), region Midt-Rogaland 2022-2025



**Langsiktig utviklingsplan for hjelmelandsbarnehagen (3-5 år)**

*Felles overordna plan for satsingsområde for alle barnehagane i kommunen, ut i frå nasjonale og regionale føringer, og lokale behov og prioriteringar*



**Årleg utviklingsplan for hjelmelandsbarnehagen**

*Meir detaljert plan for felles kompetanseutviklingstiltak for barnehagane basert på satsingsområde frå den overordna langsiktige planen*



**Den enkelte barnehage sin utviklingsplan (årsplan)**

*Synleggjer korleis barnehagen vil arbeida med overordna prioriterte satsingsområde, og kva dei i tillegg skal ha fokus på ved sin barnehage ut i frå behov og utfordringar*

Barnehageleiinga si rolle er viktig når det gjeld kvalitetsvurdering og utvikling av barnehagen. Styrar og dei pedagogiske leiarane skal leggja tilhøva best mogleg til rette for barnehagebasert kompetanseutvikling, til beste for barna.

### **1.3. Hjelmelandsbarnehagen sin visjon og verdiar**

Felles visjon for barnehagane i kommunen er «**det beste for barnet**».

Me skal gje barna gode og trygge opplevingar, ut i frå deira eigne føresetnadar og utvikling.

Barnehagane sine felles verdiar er «**respekt, omsorg og tryggleik**».

Me vil gjere barna trygge på seg sjølv og i samspel med andre, og vere med å gje eit positivt grunnlag for danning og utvikling. Gjennom desse felles verdiane vil me sjå og møte kvart einskild barn der det er, til det beste for barnet!

Vår visjon og våre verdiar er barnehagane si rettesnor i det daglege arbeidet, både i forhold til det me seier, gjer og vektlegg i eit dagleg samspel med barna, foreldra og medarbeidarar.



*Figur 2. Logoen til hjelmelandsbarnehagen*

## **2. Utviklingsarbeid i hjelmelandsbarnehagen**

Fokusområda i perioden vert valt med bakgrunn i nasjonale satsingsområde, regional kompetanseordning (rekomp) og barnehagane sine lokale behov for kompetanseutvikling.

### **2.1. Hjelmelandsbarnehagen som partnarbarnehage 2023-2025**

Partnarbarnehage er eit tiltak i region midt-Rogaland, og inneber eit samarbeid om barnehagebasert kompetanseutvikling mellom ein eller fleire barnehagar og 1-2 vitenskapelege ved UiS.

I perioden frå februar 2023 til januar 2025 er hjelmelandsbarnehagen partnarbarnehage, kor me har med oss to tilsette frå UiS i partnarskap. Våren 2023 er eit forankringssemester, kor me jobbar med felles forståing av kva utviklingsarbeidet skal innebere. Den overordna tematikken er «*vaksenrolla og personalet si relasjon- og samspelskompetanse i møte med alle barn*». Skisse/framdrift av utviklingsarbeidet vil kome fram i årleg utviklingsplan for hjelmelandsbarnehagen kvart barnehageår.

## 2.2. Hjelmelandsbarnehagen i lærande nettverk/kjernenettverk

### Lærande nettverk:

Lærande nettverk er eit leiarnettverk som består av alle barnehagestyrarane i kommunen, fleire av dei pedagogiske leiarane og PPT. Lærande nettverk i kommunen treffast to gongar i året, kor UiS og er med på nokre nettverk.

Hensikten med lærande nettverk er å auke kvaliteten på leiing av barnehagen sitt kompetanseutviklingsarbeid, slik det står i satsingsområdet til region midt om «*Barnehagen som pedagogisk verksemd*».

Lærande nettverk skal vere ein arena/møteplass for dialog, erfaringsdeling, kollektiv refleksjon og felles kunnskapsutvikling/fagleg utvikling. Den kollektive utviklinga er viktig, og lærande nettverk legg til rette for refleksjon og læring som kan føre til ny innsikt, og ha ein overføringsverdi for den pedagogiske praksisen i avdelinga og barnehagen. Målet med lærande nettverk, i følge rettleiaren for lærande nettverk i region-midt, er «å bygge kapasitet og kompetanse for ledelse og læring.»


### Kjernenettverk:

Strand kommune og Hjelmeland kommune har eige lærande nettverk i sin kommune. I kjernenettverket treff desse to lærande nettverka kvarandre, i eit partnarskap med Universitetet i Stavanger. Kjernenettverk er altså lærande nettverk mellom barnehagane i Strand og Hjelmeland kommune og PPT, i partnarskap med UiS. Innhaldet på kjernenettverket er deling av teori og forsking, deling av praksiserfaringar og refleksjon i lag på tvers av barnehagar og kommunar.

Dei lærande nettverka vert slått saman til dette kjernenettverket to gongar i året:

Februar	Mai/juni	September	November
Kjernenettverk (felles Strand-Hjelmeland) UiS	Lærande nettverk (kommunevis)	Kjernenettverk (felles Strand-Hjelmeland) UiS	Lærande nettverk (kommunevis)

Figuren under viser korleis lærande nettverk/kjernenettverk og barnehagen sitt eige kompetanseutviklingsarbeid heng saman som tannhjul som gjensidig påverkar kvarandre si framdrift.



Figur 3: Synergi-effekt mellom utviklingsarbeid i barnehagen og lærande nettverk.  
(Figur henta frå Handlings- og organisasjonsplan for region midt, 2022-25)

## 2.3. Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis

Kompetanseløftet er ei nasjonal tilskotsordning. Målet er eit varig kompetanseløft på det spesialpedagogiske feltet, og skal bidra til at alle kommunar og fylkeskommunar har tilstrekkeleg kompetanse tett på barna og elevane for å kunne førebygge, fange opp og gi eit inkluderande og tilpassa pedagogisk tilbod til alle, inkludert barn og elevar med behov for særskilt tilrettelegging. Kompetanseløftet omfattar tilsette i barnehage, skule, PPT og andre tenester i laget rundt barna og elevane.

Tematikk som er aktuelt innanfor kompetanseløftet vil også vere fokus i lærande nettverk og kjernenettverk ut i frå lokale behov.


Det vil verte jobba vidare med kompetansebehov som kom fram gjennom ei kartlegging blant alle tilsette i barnehagane i 2022 («KOSIP»). Her kom det fram behov for auka kompetanse innan:

- Tidleg innsats
- Åtferdsvanskar
- Omsorgssvikt/tilknytingsvanskar

## 2.4. COS – Circle of Security

Circle of Security (COS), eller tryggleikssirkelen, er eit rettleatingsprogram for foreldre, som og er veldig nyttig for dei tilsette i barnehagane. Det er eit verktøy for å forstå barnet betre, som igjen kan gjere at ein klarar å møte barnet på sine kjensler og behov. Det er den vaksne som har ansvar for å hjelpe barnet til å kunne regulere sine kjensler, til å føle seg trygg, ivaretatt og forstått. Fokus på vaksenrolla er ein stor del av dette.

Alle tilsette i hjelmelandsbarnehagen har gjennom fleire år gjennomført COS-kurs i regi av helsestasjonen. Me har som målsetting å halda fram med dette, ved at nyttilsette får moglegheit til å ta kurset, samt arrangere oppfriskingskurs for andre tilsette. Det er positivt at alle tilsette får same kompetansen på dette. Det vil vere med og bygge felles forståing og felles språk i barnehagane.



### 3. Målsettingar

Hensikta med utviklingsplanen er å sikre tiltak og system, slik at barnehagane over tid får vidareutvikle sin kompetanse og kvaliteten på praksis innanfor dei prioriterte satsingsområda. Planen skal ivareta heilskap og samanheng i utviklingsarbeidet.

Konkrete mål og tiltak vil ein setje årleg, og vil inngå i ein årleg utviklingsplan for hjelmelandsbarnehagen. Det vil verte vald ut nokre mål ein særleg vil ha fokus på ut i frå prioriterte satsingsområde.



"Me løftar kvarandre." Foto: Siri Vestersjø